

Referat frå Årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden

Reiestad 20. mars 2012 kl 19:00

Leiar Kjetil Skrettingland ønska velkommen til årsmøtet.

Det var 13 frammøtte.

Saksliste

1. Val av møteleiar

Kjetil Skrettingland vart valt til møteleiar

2. Val av referent

Anny Hagesæter vart valt til referent.

Tone Elin Berge og Eirik J. Varhaug vart valt til å signera referatet.

3. Årsmelding

Kjetil Skrettingland las opp årsmeldinga. Det var ingen kommentar og vart einstemmig godtatt.

4. Rekneskap

Årsmøtet godkjente rekneskapet utan kommentar.

5. Status i arbeidet

Igangsettingstillatelsen frå Hå kommunen kom i dag, 20.03.2012. Byggkomiteen er no i gang med planlegginga av den vidare rehabiliteringa. Ein reknar med å starta arbeidet med restaureringsarbeidet om ca 4 veker. Det er avtalt eit møte med kommunen sitt forhandlingsutval på førstkommande torsdag.

6. Arbeidsprogram for kommande styreperiode

Kjetil Skrettingland las opp arbeidsprogrammet. Det kom spørsmål om vennelaget skulle ha hatt ein komite som arbeider med bruk av løa etter rehabiliteringa.

Årsmøtet gav styret fridom til å avgjera korleis denne oppgåva skal organiserast.

7. Medlemskontingent

Noverande ordning utan medlemskontingent fortset.

8. Budsjett

Har ikkje utarbeid noko budsjett pga lite inntekter og utlegg.

9. Innkomne forslag

Det var ikkje kome inn nokon forslag til årsmøtet.

10. Val av styre

Desse vart valt ved akklamasjon:

Kjetil Skrettingland, leiar	gjenväl, 1 år
Anny Hagesæter	gjenväl, 2 år
Hans Vigleik Jakobsen, nestleiar	gjenväl, 2 år
Solveig Aanestad	ikkje på val, 1 år igjen
Tom Magne Ueland	ikkje på val, 1 år igjen
Gunnar Gjedrem Skretting, varamedlem	nyval, 1 år

11. Val av revisor

Irene Hobberstad vart valt ved akklamasjon.

12. Val av valnemnd

Svein Borgen, 1 år igjen

Kari Nord-Vahaug, nyvalt for 3 år

Gustav M. Håland, 2 år igjen

13. Orientering frå komitèane

Innreiing og utsmykking.

No er arbeidet kome i gang igjen. Komiteen har gjennomgått forslaget frå 2008 på nytt og arbeider med å utarbeida konkrete forslag til fargar og materiell, møblering og belysning.

Komiteen arbeider ut ifrå prinsippa: nøytrale og lyse rom, lyddemping, fleksibilitet og funksjonalitet, enkel vedlikehald og vask, og der ein ser Løestova, Fjosgangen og Stadln som ein heilskap.

Komiteen har kontakta møbel- og interiørdesigner Morten Skjærpe Knarrum for hjelp og samarbeid i det vidare arbeidet.

14. Eventuelt

Ingen saker

Anny Hagesæter referent

Tone Elin Berge på vegne av årsmøtet

Eirik J. Varhaug på vegne av årsmøtet